



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Til alle på vedlagte adresseliste

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **22 AUG 2008**
Vår ref.: NVE 200704884-3
Arkiv: 312/074.CZ
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Jan Sørensen
22 95 92 11

Hydro Aluminium AS - søknad om løyve til bygging av Mannsberg kraftverk i Årdal kommune, Sogn og Fjordane.

NVE har motteke ein søknad frå Hydro Aluminium AS om løyve til bygging av Mannsberg kraftverk i Årdal kommune. Det planlagde kraftverket gjeld ei utviding innanfor Tyn reguleringsområde.

Mannsberg kraftverk vil utnytte eit fall på ca. 160 m mellom Nedre Breibotnvatn og Torolmen. Avlaupet frå Mannsbergvatn overførast til Breidbotnvatn via ein kort tunnel. Frå Breibotnvatn vil vatnet førast i eksisterande tappetunnel og deretter i eit nedgrave trykkrøyr til kraftstasjonen som vert plassert ved eksisterande bekkeinntak i Mannsbergelv. Planlagt installert effekt i kraftverket er 2,9 MW og årleg produksjon er berekna til 12 GWh.

Frå kraftstasjonen er det planlagd ei ny 22 kV luftline, alternativt jordkabel, på ca. 1 km til eksisterande line ved Slettrust. Det er ikkje planlagd nye anleggsvegar, men eksisterande veg mot Mannsbergvatn frå Rv. 53 må oppgraderast. Overskotsmassar frå boring av tappetunnelen Mannsbergvatn - Breibotnvatn (ca. 400 m³) vil bli plassert ved utlaupet frå tunnelen.

Søknaden som gjeld bygging av Mannsberg kraftverk handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8.

Den planlagde overføringa av vatn frå Mannsbergvatn til Breidbotnvatn er å rekne som ei ny overføring som vil krevje endring i gjeldane reguleringsreglement for Tynreguleringa. Dette tiltaket skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6, og gjeld løyve etter § 8 i same lov.

Søkjar tek sikte på å forhandle fram ei minneleg avtale med grunneigar som vert råka av utbygginga. Dersom forhandlingane ikkje førar fram, vert det søkt om løyve til ekspropriasjon i medhald av oreigningslova § 2 for erverv av naudsynte areal og rettar i forbindelse med det omsøkte kraftverket.

Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/smaakraft og vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Om papirutgåve av søknaden er ønskeleg, kan ein kontakte sakshandsamar i NVE på tlf. 22 95 92 11 eller epost: jaso@nve.no.


Vi ber Årdal kommune om å leggje ut to eksemplar av søknaden så snart som mogleg til offentleg gjennomsyn på Rådhuset i kommunen og i Biblioteket fram til 30. november 2008. Det eine

eksemplaret av søknaden kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar) medan det andre ikkje må fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden vert sendt ut på høyring til endeleg innstilling. Av dette går det fram kva tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft så snart som mogeleg og seinast innan **30. november 2008**. I tillegg kan ein sende fråsegner per epost til nve@nve.no eller per post til NVE, Konesjons- og tilsynsavdelingen, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Fråsegner eller delar av fråsegner, vil verte referert i NVE si innstilling. Dersom fråsegna er lang, er det derfor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag, som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Jan Sørensen
senioringeniør

Kopi til: Norsk Hydro ASA, 0240 Oslo.

Vedlegg:

- 1) Kunngjering.
- 2) Informasjonsskriv om sakshandsaminga.
- 3) Konesjonssøknad.

Adresseliste for: Søknad om bygging av Mannsberg kraftverk i Årdal kommune, Sogn og Fjordane.

Handsamast etter: Vassdragsreguleringslova, vassressurslova, oreigningslova.

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 2 gonger i: Sogn Avis og Bergens Tidende, og

1 gong i: Norsk Lysingsblad.

Til info	Ant. søkn.	Namn/adresse
	5	Årdal kommune, Postboks 40, 6881 ÅRDALSTANGEN
	-	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Postboks 37, 6861 LEIKANGER
	-	Sogn og Fjordane fylkeskommune, 6863 LEIKANGER
x	-	Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO
x	-	Statens landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 OSLO
	-	Direktoratet for naturforvaltning, 7485 TRONDHEIM
	-	Bergvesenet, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
	-	Statens Vegvesen Region Vest, Postboks, 168, 6861 LEIKANGER
	-	Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Postboks 470, 6853 SOGNDAL
	-	Norges Jeger- og Fiskerforbund, Postboks 94, 1360 NESBRU
	-	Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane, Rygg, 6823 SANDANE
	-	Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 FØRDE
	-	Årdal Energi AS, Postboks 233, 6882 ØVRE ÅRDAL
	-	Sogn og Fjordane Energi AS, Bukta, 6823 SANDANE
	5	Internt (RV-ias, VAS-ssm, EMR-shs, KTD-ehy, EMN-lbr)

KUNNGJERING

Hydro Aluminium AS – søknad om løyve til bygging av Mannsberg kraftverk i Årdal kommune, Sogn og Fjordane.

NVE har motteke ein søknad frå Hydro Aluminium AS om å få bygge Mannsberg kraftverk i Årdal kommune. Det planlagde kraftverket gjeld ei utviding innanfor Tyn reguleringsområde.

Mannsberg kraftverk vil utnytte eit fall på ca. 160 m mellom Nedre Breibotnvatn og Torolmen. Avlaupet frå Mannsbergvatn overførast til Breidbotnvatn via ein kort tunnel. Frå Breibotnvatn vil vatnet førast i eksisterande tappetunnel og deretter i eit nedgrave trykkroyr til kraftstasjonen som vert plassert ved eksisterande bekkeinntak i Mannsbergelv. Planlagt installert effekt i kraftverket er 2,9 MW og årleg produksjon er berekna til 12 GWh. Frå kraftstasjonen er det planlagd ei ny 22 kV luftline, alternativt jordkabel, på ca. 1 km til eksisterande line ved Slettrust.

Den planlagde overføringa av vatn frå Mannsbergvatn til Breidbotnvatn er å rekne som ei ny overføring som vil krevje endring i manøvreringsreglementet for Tynreguleringa. Dette tiltaket skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6, og gjeld løyve etter § 8 i same lov.

Den delen av søknaden som gjeld bygging av Mannsberg kraftverk handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8.

Søklar tek sikte på å forhandle fram ei minneleg avtale med grunneigar som vert råka av utbygginga. Dersom forhandlingane ikkje førar fram, vert det søkt om løyve til ekspropriasjon i medhald av oreigningslova § 2 for erverv av naudsynte areal og rettar i forbindelse med bygging av kraftverket.

Søknaden er lagt ut til offentleg gjennomsyn på Rådhuset og Biblioteket i Årdal og på NVEs internettsider www.nve.no/smaakraft.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft så snart som mogeleg og seinast innan **30. november 2008**. Det er også mogeleg å sende fråsegner per epost til nve@nve.no eller per post til NVE, Konesjons- og tilsynsavdelingen, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Fråsegner eller delar av fråsegner, vil verte referert i NVE sitt vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det derfor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag, som kan brukast til dette.

Bygging av små kraftverk

- planlegging og sakshandsaming

Før bygging av eit kraftverk tek til, må utbyggjar ha fått vurdert om tiltaket treng konsesjon (løyve) etter vassressurslova. Ei utbygging treng konsesjon dersom den kan vere til nemnande skade eller ulempe for nokon allmenne interesser i vassdraget. Dette må vurderast individuelt. Dersom det er klart at tiltaket må ha konsesjon, må søknad sendast NVE. Dersom dette ikkje er klart, må tiltakshavar sende melding til NVE, med tilstrekkelege opplysningar til å avgjerde konsesjonsplikta. For planar som ikkje treng konsesjon etter vassressurslova tar kommunen over den vidare sakshandsaminga etter plan- og bygningslova.

Kva er små kraftverk?

Med små kraftverk meiner vi i denne samanhengen kraftverk med installasjon under 10000 kW. Dei delast i tre kategoriar etter størrelsen: mikrokraftverk, minikraftverk og småkraftverk. Mikrokraftverk har installasjon mindre enn 100 kW. Minikraftverk har installasjon frå 100 kW til 1000kW, medan kraftverk med installasjon mellom 1000 kW og 10000 kW vert kalla småkraftverk. Med tanke på konsesjonsplikt etter vassressurslova har desse grensene ikkje noko å seie.


NVE Veileder 2/2003 "Veileder i planlegging, bygging og drift av små kraftverk" og rapport 14/2007 "Planlegging og etablering av små kraftverk" gir ei enkel orientering om planlegging

av små kraftverk, slik som hydrologi, berekningar av kraftproduksjon og økonomi, teknisk planlegging og reglar.

Fleire lover og forskrifter å ta omsyn til

Dei som skal byggje kraftverk, vil kome i kontakt med fleire lover og forskrifter som skal sikre at det vert teke omsyn til allmenne interesser. Dei viktigaste er vassressurslova, plan- og bygningslova og energilova. Ei utbygging må vere avklara i høve til desse lovane før bygging tek til. Utbyggjar har og ansvar for å sjå til at utbygginga ikkje går ut over freda kulturminne (kulturminnelova).

Før søknad om konsesjon for eller



Kraftstasjonen på Søreide, Breimsvassdraget, med villmarkspanel og torvtak.

melding om kraftutbygging vert sendt til NVE, må utbyggjar ha avklara dei privatrettslege tilhøva. Desse gjeld tiltakshavar sin rett til å nytte vatnet og det vassfallet som er tenkt utbygd, og om utbygginga kan ha verknader for andre sine rettar. Utbyggjar har sjølv ansvaret for å avklare desse tilhøva mellom partane.

Vurdering av konsesjonsplikt etter vassressurslova

Dersom det er klart at utbygging treng konsesjon etter vassressurslova (§ 8), må utbyggjar sende søknad om dette til NVE, sjå punktet "Handsaming av søknad om konsesjon" under. Dette gjeld større kraftverk, kraftverk som omfattar oppdemming, senking av vassstanden og overføringar mellom vassdrag, og kraftverk som vil påverke alminnelig lågvassføring. NVE tilrår at det for kraftverk over 1000 kW blir søkt om konsesjon utan først å gå vegen om vurdering av konsesjonsplikta.

Dersom det på førehand ikkje er klart at prosjektet treng konsesjon etter vassressurslova, må utbyggjar få NVE til å vurdere og avgjerde dette etter § 18 i lova. Det avgjerande for NVE si vurdering er i kva grad allmenne interesser vert eller kan verte skada av tiltaket. Allmenne interesser er i første rekkje knytt til natur og miljø, men òg interesser knytte til kulturminne, landbruk og friluftsliv.

Konsesjonsplikt når kraftverket vil nytte alminneleg lågvassføring

Alle prosjekt i elvar eller bekkar med årssikker vassføring som vil ta i bruk så mykje vatn at det vil gå ut over alminnelig lågvassføring, vil vere konsesjonspliktige, jf. § 10 i vassressurslova. Årssikker vassføring er i denne samanhengen vassføring som ved middeltemperatur over frysepunktet ikkje tørkar ut av naturlege årsaker oftare enn kvart tiande år i gjennomsnitt. Alminneleg lågvassføring er ein hydrologisk berekna verdi (berekningsmetoden er gitt i Stor-



Kraftstasjonen på Gjerland, i sideelv til Gaularvassdraget, er lagd godt inn i terrenget og den har fått ein enkel arkitektur som harmonerer med bruken av bygget.

tingsproposisjon nr. 39 (1998-99).

I ei konsesjonshandsaming vil det kunne bli fastsett ei minstevassføring som kan vere lågare, lik eller høgare enn alminneleg lågvassføring, etter ei avveging som tek omsyn til konkurrerende brukarinteresser i vassdraget.

Sakshandsaminga ved vurdering av konsesjonsplikt

- Søkjar skal gjere skriftleg greie for planane og sende dei i tre eksemplar til NVE sitt regionkontor.
- NVE ber fylkesmannen om å vurdere kva for miljøverninteresser som kan verte påverka.
- NVE avgjer etter dette om kraftverket vil trenge løyve etter vassressurslova.

For å forenkle sakshandsaminga og sikre at vassdragsstyresmaktene får dei naudsynte opplysningane, er det utarbeidd eit skjema som syner kva for data som er naudsynt for å vurdere konsesjonsplikta. Skjemaet kan hentast frå NVE sine nettsider.

Det må reknast med noko tid frå planar er mottekne til NVE si vurdering ligg føre. Grunnen er mellom anna at det for sakshandsaminga ofte vil vere naudsynt å synfare utbyggingstaden. Synfaring må gjerast på bar mark. Dersom NVE konkluderer

med at det er naudsynt med konsesjonshandsaming etter vassressurslova, skal søknad sendast NVE.

Handsaming av søknad om konsesjon

Dersom NVE har bestemt at utbygginga treng konsesjon, eller det utan vidare er klart at utbygginga er konsesjonspliktig, skal utkast til søknad sendast til NVE. NVE vil kontrollere at søknaden inneheld naudsynte opplysningar, før endeleg søknad vert sendt i så mange eksemplar som NVE treng.

NVE kan gje konsesjon etter vassressurslova § 8 for kraftverk med installert effekt under 10 000 kW. Søknaden vert kunngjort i lokal presse, lagt ut til offentleg gjennomsyn og sendt på høyring til mellom anna kommunane, fylkesmannen og fylkeskom



Inntaksarrangementet for minikraftverket på Grøneng i Gaularvassdraget



Minikraftverk i Ullensvang: Kraftstasjonsbygga i tre og stein har fått ei god utforming.

munen. Som regel vil NVE òg synfare området.

For større kraftverk gjev NVE ei innstilling til Olje- og energidepartementet. Endeleg vedtak vert fatta av regjeringa. Høyringa i desse sakene er meir omfattande og sakshandsamingstida monaleg lenger.

For kraftverk mellom 1000 og 10000 kW (småkraftverk) må det gjennomførast ei enkel fagleg undersøking av biologisk mangfald som kan verte



Røyrgate som er forankra på betongfundament, minikraftverket i Ullensvang

påverka. NVE og Direktoratet for naturforvaltning har lagd ei vegleiing om dette, NVE-veilder 1/2004 "Dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk" og 3/2007. "Dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1-10 MW)"

Handsaming etter plan og bygningslova

Alle kraftutbyggingar, både dei som treng og dei som ikkje treng konsesjon etter vassressurslova, må avklarast i høve til arealplanar for det aktuelle området. Kommunen avgjer om det kan gjevast dispensasjon frå arealplanen eller om det må utarbeidast reguleringsplan. Utbyggjar må sjølv kontakte kommunen for å få avklara dette.

Kraftutbygging der NVE har bestemt at det ikkje er naudsynt med konsesjon etter vassressurslova, må ha byggjeløyve frå kommunen. For kraftverk som får konsesjon etter vassressurslova er det ikkje naudsynt med byggjeløyve, fordi konsesjonshandsa-

minga erstattar byggjeløyve.

Kraftutbygging i verna vassdrag

For kraftutbygging i verna vassdrag gjeld strengare reglar enn for andre vassdrag. Omsynet til verneverdiane skal veie tungt, både i vurderinga av konsesjonsplikta og i konsesjonshandsaminga. Stortinget har vedteke at det i verna vassdrag kan gjevast konsesjon for kraftverk mindre enn 1000 kW (mikro- og minikraftverk). Føresetnaden er at utbygginga ikkje går ut over verneverdiane. Dersom utbygginga er i strid med verneverdiane, kan NVE avslå søknaden utan vidare handsaming. Vurdering av konsesjonsplikta, konsesjonshandsaminga og handsaminga etter dei andre lovane skal skje etter same rutinar som i andre vassdrag.

Tryggleik knytt til kraftverk

Eigar av vassdragsanlegg har ansvaret for at anlegget er trygt for menneskje og miljø. I følgje Forskrift om klassifisering av vassdragsanlegg § 4 skal eigar foreta ei vurdering av brudd

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er et direktorat under Olje- og energidepartementet med ansvar for å forvalte landets vann- og energiresurser.

NVE skal sikre en helhetlig og miljøvennlig forvaltning av vassdragene, fremme en effektiv kraftomsetning og kostnads- effektive energisystemer og bidra til en effektiv energibruk.

NVE har en sentral rolle i beredskapen mot flom og vassdragsulykker og leder den nasjonale kraftforsyningsberedskapen.

NVE er engasjert i FoU og internasjonalt samarbeid innen sine fag-områder. NVE er nasjonal faginstitusjon for hydrologi.

Informasjon fra
Norges vassdrags-
og energidirektorat

Fakta-ark nr. 4 2005
(Fakta 7-02 revidert)


konsekvensar for dam (demning) og turbinrøyr ved å fylle ut eit skjema for klassifisering. Skjemaet skal sendast NVE for godkjenning. Dette kravet gjeld både dei kraftverka som er fritatt frå konsesjonsplikta og dei som konsesjonshandsamast. Skjema kan hentast på NVE sine nettsider.

Anlegg som er bygd i strid med vassressursloven eller vedtak etter loven

Eit kraftverk skal ikkje byggjast utan at det har fått konsesjon eller at NVE har gitt fritak frå konsesjonsplikta. For kraftverk som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon, konsesjonsvilkår eller føresetnader for konsesjonsfritak, kan NVE gi pålegg om retting (vassressurslova § 59). Då kan utbyggingen verte pålagt å endre utbygginga eller å rive anlegget.

Dei elektriske anlegga

Små kraftverk har normalt ikkje høgspenning. Høgspenning komponentar kjem først inn som ein del av tilknyttinga til linjenettet. Slik tilknytting kan berre gjerast av personell med høgspenningkompetanse. NVE stiller ikkje krav til eigen anleggs-konsesjon for kraftverk der spenningane i stasjonen og nettet ikkje overstig 22 kV. Desse installasjonane kan byggjast og driftast i medhald av det lokale nettselskap sin områdekonsesjon. Utbyggjar må sjølv ta kontakt med områdekonsesjonær for vidare handsaming av nettilknytting. Det er ein føresetnad at planlagde nybyggingar er godt grunngjeve og at det er teke omsyn til andre arealbruksinteresser i området. I vilkåra til dei enkelte områdekonsesjonane er det fastsett korleis planar for nye anlegg skal handsamast.



Mikrokraftverk på Hestad, i eit sidevassdrag til Gaularvassdraget: Kraftstasjonen er eit lite bygg som er plassert i tunet bak dei andre husa.

NVE har bede energiverka krevje dokumentasjon av at dei formelle sidene ved bygging av kraftverka er i orden før dei inngår avtale om kjøp av kraft og/eller nettleige.

Meir informasjon

Meir informasjon er lagt ut på NVE sine internettsider www.nve.no.

Fakta

Norges vassdrags- og energidirektorat

Hovedkontor

Middelthunsgt. 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
Internettadresse: www.nve.no

Regionkontor

NVE-Region Nord

(dekker Nordland nord for Saltfjellet (inkl. Rødøy kommune), Troms, Finnmark og Svalbard):
Kongensgate 14-18, Pb.394,
8505 Narvik, Tlf: 76 92 33 50

NVE-Region Midt-Norge

(dekker Nordmøre, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Helgeland):
Trekanten, Vestre Rosten 81,
7075 Tiller. Tlf: 72 89 65 50

NVE-Region Vest

(dekker Hordaland, Sogn og Fjordane, Sunnmøre og Romsdal):
Naustdalsv.1B, Pb. 53, 6801 Førde.
Tlf. 57 83 36 50

NVE-Region Sør (dekker

Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland):
Anton Jenssens gt.5,
Pb. 2124, 3103 Tønsberg.
Tlf. 33 37 23 00

NVE-Region Øst

(dekker Østfold, Oslo, Akershus, Hedmark og Oppland):
Pb. 4223, 2307 Hamar.
Tlf: 62 53 63 50

Ansvarlig: Informasjonsdirektør
Sverre Sivertsen
Fagansvarlig: Jens Petter Taasen
Layout: Rune Stubrud
(Fakta 7-02 revidert)
Korrigeringer nov. 2007
Trykk: BRA-trykk
Opplag: 500
Foto: NVE